# Os kyrkjeblad

DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 2 | 2024 | 79. årgang



| HAUSTKALENDER | OPNE MØTEPLASSAR | KVA TYPE GRAV KAN EIN VELJE? |

# Vel møtt!

Skulestart og jobbstart om hausten kan vere nytt og spennande for mange. For andre er det attende til kav og krav etter ein sårt tiltrengt sommarkvil. Når dette bladet kjem ut står vi på terskelen til eit nytt semester. Korleis ser din haust ut? Og kanskje kan ein spørre på ein annan måte: Kva vil du sjå etter i haust?

Noko av det dei fleste får litt pause frå om sommaren er alle møtene. Jobbmøter, foreldremøter, treningar og avtaler. Møteplikt er kanskje ikkje eit ord ein får varme kjensler av.

I kyrkja opererer vi ikkje med møteplikt, men vi er opptekne av møter likevel. Gode møter. Menneskemøter og «Gudsmøter» heng saman. Eit godt møte med andre menneske og med Gud kan òg bli eit viktig møte med ein sjølv. Eit møterom vi ikkje sit i så ofte som vi kanskje burde, kan ein tenke.

I haust inviterer vi til både nye og gamle møteplassar. Ungdomsgudstenester og kveldsgudstenester blir det fleire av. Seinare i haust får vi sjøsett eit prosjekt som skal styrke våre opne møteplasser for ungdom i Os. Dessutan håper vi å møte deg, uansett kven du er, på dei mange aktivitetane og tilboda du kan lesa om i denne utgåva.

God lesnad, og vel møtt!



**Sigurd Rotvik Tunestveit**
Dagleg leiar, Os sokn
Fungerande kyrkjeverje,
Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Johannes Møllehave var en dansk forfatter, prest og en stor kulturpersonlighet. Han bruker et språk som til tider har stor presisjon og som slår gnister. «Jeg vil dø levende», sier han. Og hva mener han så med det? Jo, jeg tror han vil fortelle oss at livet inneholder gleden over lyset og håpet, samtidig som også realiteten over mørket preger våre liv. Han spenner en himmelbue over menneskers liv, fordi han har så sterk forankring i evangeliet om Gud som skaper av alt liv – i rammen av de gode, varme kristne verdier. Dermed blir Gud stor og livet tydelig. Det er under denne himmelbuen «Det skal merkes at vi lever» jeg tror at Møllehave ønsker vi skulle leve i. Dele latter og tårer, raushet og varme - om hverandre. Men viktigst er budskapet om at – dette er dagen som Herren har gjort. Vi må lære oss å gripe dagen og den tiden vi har fått tildelt. Ikke rygge inn i fremtiden, og bare leve på minner og levd liv. Nei, vi skal snu ansiktet og leve livet forlengs, men forstå det baklengs.

I bibelen står det: Ta dere av hverandre liksom Kristus tok seg av dere. Til Guds ære.

For Gud visste hva Han gjorde da Han gav oss evnen til den mentale bevegelsen, eller sagt med andre ord - det å kunne se hverandre. Han skapte ikke sovende mennesker. Han skapte ikke mennesker som kun søkte innover i sitt eget.

Han formet oss med øyne som ser utover og ører som hører andre stemmer enn bare våre egne.

Han skapte ikke et enkelt menneske, men Han skapte et fellesskap og en avhengighet mellom oss. Vi er skapt til å dele og å angå hverandre.

Fordi vi er skapt i Guds bilde, kan vi hjelpe hverandre til å finne en trygghet og en verdi i vårt eget liv.

Jo, sier du kanskje, jeg har sansen for at vi skal ta oss av hverandre, hjelpe hverandre – all nestekjærligheten, men jeg forstår meg ikke på Gud og alt Hans vesen. Jeg klarer ikke å tro på alt dette. Det er fullstendig utenfor min fatteevne. Da min venn, er du i godt selskap, for du er ikke alene om det.

Tro! Er det nok? Og hvordan i all verden kan jeg tro på noe så urealistisk og ubegripelig? Et eventyr, en legende, en fantasi – ja, men er denne troen en sannhet?

Her har vi kun bibelens ord, der Jesus klart sier: - Jeg er veien, sannheten og livet. Ingen kan komme til Faderen uten ved meg.

Hvis du sier at jeg har bare min barnetro, og i tillegg tviler! Da vil jeg si som tidligere biskop Ole D. Hagesæter en gang sa i et intervju – barnas tro er ikke god nok, nei - den er best!

Thomas, en av Jesu disipler, tvilte på at Jesus var oppstått fra de døde. Hvis han ikke fikk se den oppstandne i live, stikke fingrene inn i naglesårene Hans og såret i siden, ville han ikke tro at Jesus var stått opp. Thomas, som hadde vandret med Jesus i 3 år, og lært Ham svært godt å kjenne – han tvilte på hele saken. Så fikk han oppleve den oppstandne Jesus og trodde.

Hva er det som kan hjelpe oss å tro på dette ubegripelige budskapet?

Den hellige ånd skal hjelpe oss å tro, hjelpe oss å leve som varme, sanne og rause kristne. Uten den hjelpen, hadde mye av det kristne livet rundt omkring, blitt en stusselig greie. I tillegg peker Jesus på barnas evne til å tro. Kanskje vi voksne skulle lære litt av dem?

Så måler ikke Gud vår tro i liten eller stor, men Han gleder seg over den troen vi måtte ha. Til og med fra grisebingen klarte den bortkomne sønnen å øyne et håp som ble til en tro på at Faren kanskje hadde så stor kjærlighet at Han ikke ville avvise ham.

Trøsten og håpet ligger i løftet at Vår Himmelske Far ikke vil avvise oss når vi kommer til Ham med alt som tynger oss. Dette løftet gir Han oss blant annet i Johannes evangelium kap.3, vers 16:

**For så høyt har Gud elsket verden at Han gav sin sønn, den enbårne, for at hver den tror på Ham, ikke skal gå tapt, men ha evig liv.**

Få klarer bedre enn André Bjerke å beskrive troens og nådens store mirakel, der en 5 års gammel jente kanskje har skjønt mer om troens dype mysterium enn vi voksne klarer å fatte.

## FORTØYNINGEN

*En sørlandsfjord. Vi er på tokt i sundet*
*den femte gull-høysommerdag på rad.*
*Nu stevner jollen Gouda mot en grunne*
*som egner seg for nok et morgenbad,*
*og hun som her ombord er selve "båssen"*
*Min datter Vilde går i land med trossen.*

*Hun står på stranden. Hvor skal hun fortøye?*
*Her finnes ingen sten og ingen pæl*
*Og ingen ring av jern...Da får hun øye*
*på noe som en femårs pikesjel*
*har tillit til: Det gror et strå her ute.*
*om dét slår hun en diger kjerringknute.*

*Du kan den kunst å binde båten, Vilde!*
*Et strå på bredden her, et spinkelt siv*
*som feste for vårt fartøy: det er bildet*
*på troens makt i dette menneskeliv.*
*Så skjørt skal vi fortøye våre joller*
*i trygg forvissning om at strået holder!*



**Jan Sverre Stray**
Prestevikar i Os sokn hausten 2024

DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd

| Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

**Utgjevar**
Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

**Soknerådsleiar**
Tone Steinsund Hagevik
tonehagevik@gmail.com

**Redaksjonsleiar**
Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

**Nettside**
www.kyrkja.no/os

**Opningstid kontor**
Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

**Kontakt**
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no

**Forsida**
Turmagi på hengekøyetur til Ervikane med 1. Os KFUK-KFUM i april.
Foto: Åshild Skaatun Hergum

**Trykk**
ETN grafisk | Opplag 9225

**Abonnement**
Bladpengar (frivillig) kr. 200/år
Bankgiro 3201.53.23484
Vipps 786791
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 300/år)

Vår grøne kyrkjelyd

SVANEMERKET
Trykkeri
2041 0749

TRYKT I NORGE
NO - 887

# GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



*Spennande å site i "Getsemane-hagen" og undre seg i lag på Påskevandring.*

*Bordet er breiddfullt av reiskap og kreative kreasjonar under Skapingsdagane.*



*Koret STEMMER inviterte til konserten "I Himmelen" i Nore Neset kyrkje i juni, under leiing av dirigent Tore Kloster.*



*Fonos deltok med fargerik song under regnbogegudstenesta i Os kyrkje 19. juni.*





*Det er alltid fullklaff med sommarvêr når Skapingsdagane avsluttast med gudsteneste på Kyrkjeflaten!*

*Dyktig kjøkengjeng i sving før Senior-Koinonia - f.v. Ruth Wenche Søfteland, Britt Reidun Storlid og Marit M. Sørbø (foto: Inger-Johanne Haugland)*





*Gitarist Ri Daniiar var blant musikarane som fylde Os kyrkje med velklang på kantor Irina Tarasovas vårkonsert 27. april.*

*Foto der ikkje anna er nemnt: Sigurd Rotvik Tunestveit*





*Speidar Lars Hernes Havåg er nøgd med fangsten på leir med 1. Os KFUK-KFUM-speidarar i Rolvsvåg i juni (Foto: Roar H. Evjedal)*

*Kyrkjestaben i Os og Fusa reiste til "Livets Portal" i Telavåg på sommaravslutning - godt vêr og godt turfølgje! (Foto: Sylvi Lundgren)*



*Rakel, Alise og Dorthea måtte på med regnklede, men var like blide - god stemning på speidarleir i Rolvsvåg i juni (Foto: Roar H. Evjedal)*





*Ulrik var ein av mange kreative sjeler på årets Skapingsdagar (Foto: Ine Sofe Moen)*



*Spennande besøk frå Garden of Eden i Kenya, eit av misjonsprosjekta Os kyrkjelyd støttar. Her frå Nøtteliten barnehage (Foto: Elin Grimstad Salbu) og gudsteneste i Os kyrkje (Foto: Bjarte Petterteig)*





*Avtroppande ungdomsleiar Martin Bakke Slåttsveen i lag med banksjef Britt Nyheim frå Fana Sparebank avd. Os, som før sommaren tildelte kr. 20.000,- til eit deltakarfond til soknet sine aktivitetar. Tusen takk! (Foto: Fana Sparebank)*

## KOReDu

### - for deg som går på 1.-7. trinn

Har du lyst til å synge saman med andre? Bli med oss!

Frå 1. trinn er det øving annankvar torsdag, og går du på 5.-7.trinn er det øving kvar torsdag med "KOReDu Tweens". Dei eldste har litt eigne aktivitetar og sangar, og trener seg som leiarar for dei yngre. Til saman er vi ein stor gjeng som syng og har det kjekt saman, og det er plass til fleire! Ei vanleg øving inneheld oppvarming, song, leik og ei historie før vi et medbrakt kveldsmat i lag. KOReDu er organisert i KFUK-KFUM og det kostar kr. 200,- per semester å vere med. I haust skal vi òg arrangere barne- og tweensfestival i Tunet 26.-27. oktober for grupper frå heile Bjørgvin, med temaet "God nok" og masse kjekke aktivitetar! Tweens-gjengen kan overnatte i Tunet og bli med på "kampkveld" og GLOBAL-aksjon. Meir info om dette kjem på nett og på kor-øving, bli med!

**Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter**
**Tid: Torsdagar klokka 17.30-19.00**
**Oppstart: 29. august for tweens, 5. september for dei yngste**

**GOD NOK!**



*Foto: Ingrid Hetlevik Halland*



## Familiekoret ShubaDubs

- for deg mellom 2,5 og 5 år + foreldre og sysken

Torsdagar i partalsveker er det tid for familiekoret ShubaDubs. Dette er ein plass der 3- og 4-åringane får skinne! Det er song og leik i ein halv time før vi et kveldsmat og har frileik. Invitasjon og informasjon sendast ut i Spond-gruppa, og ShubaDubs er organisert under Søndagsskulen. Det kostar 50,- per born i semesteret å vere medlem av ShubaDubs. Dette dekkjer kveldsmat heile semesteret. Når ein har meldt seg inn i Søndagsskulen vert ein lagt til i Spondgruppa og får info derfrå. For å få den innkjøpte kveldsmaten påsmurt på bordet og rydde etterpå set vi opp ei dugnadsliste med foreldre etter tur (vi kjøper inn mat på førehand).

**Påmelding: Kom på samling, eller meld barnet ditt inn her ------>**
**Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter (Eldstova)**
**Tid: Torsdagar i partalsveker kl 17.30-18.30**

## Hei, førsteklassing!

Endeleg er det din tur til å byrje på skulen! Og ikkje nok med det: Denne hausten kan du vera med på fire spennande samlingar i september som heiter "Heilt førsteklasses!" Her får du høyre historier, vere kreativ og lære nye ting, og vi gler oss til å bli betre kjent med deg - for du er rett og slett heilt førsteklasses!

**Informasjon sendast i desse dagar ut til alle på 1. trinn som er døypt hjå oss - men alle er velkomne til å bli med! Les meir og meld deg på på nettsidene våre.**



*Foto: Sylvi Lundgren*



## Barnesamlingar

Alle born har rett til å få høyre om Jesus! Barnesamlinga er borna si eiga gudstenesta. Vi tenner lys, ber og høyrer historier frå Bibelen. Vi leikar, syng og gjer kreative oppgåver for å nærme oss det vi snakkar om. Det er ikkje påmelding, og ein møter i kyrkja når gudstenesten startar. Etter kvart går vi i samla flokk til eige lokale og har barnesamling parallelt med gudstenesta, før vi kjem tilbake til kyrkjerommet mot slutten av messa.

Barnesamlingane er organisert under Søndagsskulen og følgjar opplegget "Sprell Levande". Meld barnet ditt inn for kr. 50,- per semester, så bidreg de til å dekkje formingsmateriell og litt å bite i. Alle er velkomne til å sjå og bli kjent med kva samlingane våre er for noko!

I haust er datoane for barnesamling slik:
**Nore Neset 1. september**
**Tunet søndag 15. september**
**Tunet søndag 24. november**

## Babysong

Allereie 20. august er babysang-gruppa i gang i Tunet på tysdagar i Open Barnehage. Torsdag 5. september startar òg gruppa i Nore Neset kyrkje opp. Vi startar klokka 10 begge stader. Ta med deg lunsj og bli att etter songstunda for ein prat med andre som har små heime! Kvar kursrekke varar 8 gonger, og påmelding finn du på nettsidene våre.



**Sylvi Lundgren**
Kyrkjelydsmedarbeidar, born og familiar
sl828@kyrkja.no

*OBS! Har du stram økonomi, finst det løysingar for å få dekt deltakarutgifter. Ingen skal stå utanfor våre aktivitetar av slike grunnar, og vi håpar difor du tek kontakt med oss!*

## FamilieKRIK

FamilieKRIK er eit lokallag i Os tilknytt KRIK-organisasjonen (Kristen Idrettskontakt). Vi har samling om lag **ein søndag i månaden kl.16.30-18.00** på Os Aktiv. På samlingane leikar og spelar vi i hall eller har uteaktivitet. Etterpå tek vi ein felles matbit og delar ord om trua.

Vi har to leirar i løpet av året. Fyrst ut er Brandøy leirstad (Bjoa i Rogaland) 6.-8. september. Til vinteren blir det tur til Kvamskogen/Hålandsdalen med snø og skileik i fokus.

Vil du vera med og vite meir? Søk gjerne opp Facebooksida vår "OS Familiekrik". Om du vil bli medlem betalast eit familiemedlemskap til KRIK sentralt på kr. 300,- årleg. Bli med!

## Bli med på søndagsskulens dag!

**22. september er Søndagsskulens dag!** På familiegudstenesta blir det utdeling av 4-årsbok, og vi får besøk av Julie og Gulliver. Gulliver vil vere å møte i gangane på Tunet etter gudstenesta. Vi set fram masse leikar og kjekke aktivitetar og ein stor hoppepute så ein kan sprette litt frå seg. Velkommen!

## "Messy Church"

I haust kan du delta på Messy Church i Os kyrkjelyd. På norsk kan ein kanskje omsette til "Myldrekyrkje"? Denne gudstenesta inneheld formingsaktivitetar, legobygging, kreativt, tumleplass for dei minste, fargelegging, kaffiprat og ungdomsbord som ein del av bibeltekstformidlinga. Det blir litt vandring, litt kaos og kjekke aktivitetar for små og store før vi samlar opplevingane til fest i forkynninga. Vi avsluttar med litt mat. Som alltid er gudstenesta gratis og for alle generasjonar!

**Følg med for meir info!**

## Aldri åleine

Er du på 5.–7. trinn og har lyst til å bli kjent med andre, ete god mat i lag, læra meir om Jesus eller kanskje stilla nokre av dei vanskelege spørsmåla?

Aldri åleine er eit møtepunkt for tweens i kyrkjelyden vår. Vi tek opp spennande tema, lærer å be, blir kjent med Jesus og med kvarandre gjennom aktivitet, leik, quiz og felles måltid med pizza og brus. Medlemskap (gjennom Søndagsskulen) kostar kr. 50,- i semesteret og dekkjer pizza/brus og andre utgifter.

**Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter**
**Tid: Kl. 18.00-19.30**
**Dato: 1. september, 29. september, 27. oktober, 24. november, 15.desember.**





*Herleif og Britt Reidun Storlid har hendene fulle når Eldstova skal dekkast og pyntast (foto: Inger-Johanne Haugland)*

# Velkomen til Senior-Koinonia!

Koinonia tyder fellesskap, og det er fellesskapet i praten, måltidet, musikken og trua som står i sentrum for samværet når Senior-Koinonia samlast annan kvar torsdag i Tunet.

Her er det plass til deg ved bordet uansett alder, bakgrunn og kjennskap, og med god takhøgd og plass til både humor og det djupe alvoret. God mat, foredrag, song og musikk. Velkomen skal du vera!

**Torsdag 12. september kl. 11:30**
Stig Magne Heitmann: «Ljos i mørkret? Nytt frå Somalia»
Song: Linda Haugland

**Torsdag 26. september kl 11.30**
Harald Johan Sandvik: «Skjemt og alvor frå Fitjar»
Song: Anker Gunnar Turøy

**Torsdag 10. oktober kl 11.30**
Oddvar Rotvik: «Songevangeliet»

**Torsdag 24. oktober kl.11.30**
Astrid Enstad: "Da klokka klang"
Song: Ellen Haugland

**Torsdag 7. november kl.11.30**
Marit Elisebeth Totland: Det gode liv – også når det ikkje er berre godt.
Song: Jan Ove Totland

**Torsdag 21. november kl 11.30**
Osvald Hindenes: "Gud er ikkje svart eller kvit"
Song: Jan Tørres Nordstrand

**Torsdag 5. desember kl. 11.30**
Juletankar
Song: Grethe Inger Berge



*Oddvar Sandtorv er med i dugnadsgjengen når Koinonia går av stabelen annankvar torsdag (foto: Inger-Johanne Haugland)*

# Eldretreff i Kløvertun

Samarbeidet mellom Os santitsforening og Os sokneråd held fram med månadlege eldretreff i Kløvertun. Fast møtedag er første tysdag i kvar månad kl 12:00 – 14:00.

**Tysdag 3. september i Kløvertun kl 12:00**
Gunnhild Hoprekstad og Trygve Eiken (foto: Sigrun Jørdre) framfører sangar med tekster av Erik Bye. Dei har vald tekstar ut frå temaet «Tru og fellesskap», og er nysgjerrige på Byes kombinasjon av fokus på fellesskap og mangfald. Det blir allsang, og ei blanding av svært kjende, og mindre kjende, tekstar frå Byes forfattarskap.



**Tysdag 1. oktober i Kløvertun kl 12:00**
«Kan vi snakke om dette, da ?»
Korleis vil eg at min gravferd skal vera og kva val kan eg gjera sjølv ?

Dette er neppe kvardagstema for dei fleste. Men kanskje skal vi våge å sette ord på ulike spørsmål i denne tematikken?
Tidlegare kyrkjeverje Gerhard Hansen lyfter fram ulike tema som kan vera greit å tenke gjennom og for somme viktig å kunne formidle vidare til sine næraste.

**Tysdag 5. november i Kløvertun kl 12:00**

**Tysdag 3. desember**
Adventkonsert i Os kyrkje kl 12:00 og påfølgjande samling i Kløvertun.

Nærmere informasjon kjem seinare på nett og i avisa, følg med!



# "Foreldre møter foreldre" i Tunet

Suksessen med nettversgruppe for foreldre held fram med ny samlingsrekke i haust. "Foreldre møter foreldre" er eit gratis tilbod til deg med barn frå 0-18 år - inkludert middag og aktivitetar for barna. Gruppa skal vere ein trygg møteplass der du kan få støtte og råd i foreldrerolla og møte andre foreldre, i samtale med familierettleiar frå Bjørnafjorden kommune og diakon i Os kyrkjelyd. Dette tiltaket er eit samarbeidsprosjekt finansiert av Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet).

Denne gongen inviterer vi spesielt foreldre med born frå 6.trinn og oppover. Hjelp oss å tipse dei du kjenner!

**Oppstart måndag 21. oktober, og deretter samlingar vekefast fram til måndag 2. desember på ettermiddagstid. Deltaking er gratis. Påmelding og meir info vil du snart finne på Bjørnafjorden kommune sine nettsider, eller ved å ta kontakt med diakon Ingrid.**



*Mødrene Rasma og Vestina i lag med familierettleiar Oddveig Klakegg og diakon Ingrid Vik. (Foto: Os & Fusaposten/Kenneth Svenningsen)*

# Språkkafé

Språkkafeen er staden for nye vennskap, mykje latter, prat over bordet og leik i gangen. Mykje spennande program plar det òg bli, så ein risikerer å læra noko òg!. Hit angrer du ikkje på at du tek turen!

**Tunet kyrkje- og kultursenter kl.17-19.**
**Oppstart torsdag 26. august - deretter ein gong i månaden.**
**Sjekk kalenderen på midtsidene!**

# Sorggruppe

Når sorga rammer på ulike måtar kan det vera godt å snakke med nokon som veit ein del om sorg og som kan lytte og gje støtte. Den opne sorggruppa vår er ein møteplass for samtale og fellesskap. Her møter du både andre som sørger, frivillige medhjelparar og diakon. Ta gjerne kontakt i forkant for ein prat! Samlingane finn stad i Tunet fredagar kl.12.15-14.00 utover hausten. Velkomen!



**Ingrid Vik**
Diakon
iv588@kyrkja.no
Tlf. 45 05 12 12

# TiTT i haust: "Mysteriet i trua - kristen tru i Jon Fosse sine tekstar"

TiTT - Torsdag i TuneT - er foredrag, musikk, samtale, mat og samvêr. Her får du ny kunnskap og impulsar, og kanskje nye bekjentskapar? Ingen forkunnskapar er påkrevd! Fyrst på haust-programmet kjem vikarprest i Kvam (og tidlegare prest i Os) Roar Strømme med temaet "Mysteriet i trua - kristen tru i Jon Fosse sine tekstar". Vår nynorske nobelprisvinnar avslutta sin takketale med "Takk til Gud". Korleis kjem gudstrua til uttrykk i forfattarskapen og tekstane? Kan ein av våre fremste nolevande forfattarar gje oss nye perspektiv på "mysteriet i trua"?

**Vel møtt i Tunet torsdag 12. september klokka 20!**
**Følg med på nett for fleire TiTT-arrangement utover hausten.**



*Foto: Tom A. Kolstad/Det Norske Teatret*

# UNGDOMSTUNET

## Takk til Fana sparebank!

Tidlegare i vår fekk vi 75 000kr til Ungdomstunet. Her fekk vi 55 000kr til aktivitetar og 20 000kr til eit «deltakarfond». Tanken bak «deltakarfondet» er å sørge for at alle som har lyst å være med i aktivitetar i regi av Ungdomstunet og kyrkjelyden skal få ein moglegheit til dette, uansett økonomisk situasjon.

**Ein time med sosiale samkome og økonomilæring**

Fana sparebank inviterte Ungdomstunet bort til de nye lokalane i Os sentrum, til ein supernyttig time med økonomilæring. Vi vart godt tatt imot av Anita Dokkedal og Ola Endresen som begge er rådgjevar hos Fana sparebank. Vi skulle bli utfordra til å få eit meir bevisst forhold til økonomien vår og alle "lommetjuvane" vi møter i kvardagen. Dei forklarte viktige omgrep som frikort, skattetrekk og lønsslipp, noko som var veldig interessant sidan fleire av ungdommane har jobb ved sidan av skule og studier. Takk for gode tips og verdifull støtte!

*Tekst: Martin Bakke Slåttsveen*

## Vi mimrer til sommaren...



*Topp stemning på Ungdomstunets sommaravslutning i Ervikane i juni (foto: Sylvi Lundgren)*

KONFIRMANT 2025

## No er det 2010-kullet sin tur!

**Endeleg er det din tur til å bli konfirmant i Os kyrkjelyd! Påmeldinga har allereie starta, og du finn lenke på Os kyrkjelyd sine nettsider.**

Alle er velkommen som konfirmant i Os kyrkjelyd, uansett kven du er. I Den norske kyrkja er det rom for deg uansett tru og tvil, identitet, etnisk bakgrunn, kjønn og seksualitet.

I konfirmanttida kan du bli betre kjend med deg sjølv, Gud og kva trua kan bety i livet ditt. Vi har eit kort, men innhaldsrikt år frå september til april, med mange gøye aktiviteter du kan velgje. Vi drar på leir saman og skapar minner for livet. Høgdepunktet for konfirmasjonstida er konfirmasjonsdagen – ein skikkeleg festdag.

Påmeldinga har allereie starta, og du finn lenke på Os kyrkjelyd

**Finn meir informasjon på kyrkja.no/os**





# OPPSTARTSPRAT



**Allereie i starten av august var vår nye ungdomsleiar Harald på plass, klar til å bli kjent med ungdommane i kyrkjelyden gjennom ein masse fine arrangement utover hausten. Vi starta med eit lyn-intervju for å bli betre kjent!**

**Vi startar med eit enkelt - og samtidig vanskeleg - spørsmål: Kven er Harald?**
- Eg heiter Harald Skoglund Dahler og kjem opprinneleg frå Alta i Finnmark. Men no kjem eg flyttande frå Oslo der eg har studert ungdom, kultur og trosopplæring på Menighetsfakultetet. Eg har mellom anna studert urfolksteologi, som er veldig spennande! Undervegs i studietida har eg òg arbeidd med ungdom i to Oslo-kyrkjer, og så har eg stått på kjøkenet til Kirkens Bymisjon. Eg er nemleg òg utdanna institusjonskokk.

**Mykje å ta tak i frå ein allsidig bakgrunn! Korleis var di eiga ungdomstid i kyrkja?**
- Eg har vakse opp i kyrkja, med mor mi som prest. Etter konfirmasjonen vart eg ungdomsleiar og etter kvart representant på Ungdomstinget og medlem av Ungdomsrådet i bispedømet. Det gjorde at eg òg har vore representant på Ungdommens kyrkjemøte, og dei seinare åra har det blitt ein del verv i internasjonale samanhengar, mellom anna i EYCE (økumenisk ungdomsråd for Europa) og som representant for Den norske kyrkja i Luthersk verdensråd (LWF) og Verdens kirkeråd (WCC). I sommar vart eg invitert til New Orleans for å snakke på eit stort arrangement av ELCA, den norske kyrkja si systerkyrkje i USA. Det var utruleg spennande! Eg liker å vere aktivt med og hjelpe til i kyrkja, til dømes på gudsteneste når eg er heime i feriene.

**Ein klassikar: Kan du beskrive deg sjølv med tre ord?**
- Høgkyrkjeleg! For dei som ikkje veit kva det betyr - kom og snakk med meg! Ord nummer to må bli roleg. Og så er eg økumenisk-orientert, i mangel av eit betre ord - altså engasjert i at ulike kyrkjer må jobbe saman og lære av kvarandre.

**Er det noko du gler deg spesielt til i din nye jobb?**
- No gler eg meg til å kome i gang med semesteret og bli kjent med ungdommane på Tunet og kollegene her.

**Kva liker du å gjere når du har fri?**
- Eg er glad i brettspel, kortspel og DnD (Dungeons and Dragons). Men favoritt-aktiviteten er fiske!

## Takk for innsatsen, Martin!



Det var ikkje berre i OL at det vart overlevert stafettpinner i sommar. Avtroppande ungdomsleiar Martin Bakke Slåttsveen takka for seg etter fleire år som nøkkelperson i Ungdomstunet. Heldigvis er han ikkje langt unna sjølv om nye oppgåver venter. Deltidsstudier i vernepleie blir kombinert med mellom anna onsdagar på Ung Arena. Og så har han ymta frampå om at han kanskje kjem innom på besøk...

Dei seinare åra har Martin stått bak mange store arrangement og opna Ungdomstunet for mange nye ungdommar. Vi er skikkeleg takksame for at han har brukt sitt store engasjement i Os kyrkjelyd! Lykke til vidare!

*Tekst: Sigurd Rotvik Tunestveit*

### JOINUS
Ein open møteplass med mange kjekke aktivitetar!
Kor, band, dans, lyd/lysteknikk, mat og hobbyaktivitetar - moglegheitane er mange. Bli med du òg!
Tid: Onsdagar klokka 18.30-21
Stad: Tunet

### KRIK OS
Tid: Fredagar 18-19.30
Stad: Os Aktiv

### NATTCUP
Vi reiser til den årlege nattcupen i Haukelandshallen og treng deg med på laget!
Dato: 15.-16. november
Stad: Haukelandshallen, Bergen

### JULEMESSA 23. NOVEMBER
Vi er med på julemessa i Tunet der overskotet går til barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden. Bli med å sel lodd - kanskje er det du som stikk av med Cola-kjøleskåpet i år?

### GJER DEG KLAR TIL JULEGALLA!
Tradisjonen tru blir det JuleGalla i Tunet fredag 6. desember. Følg med på nett for info og påmelding når det nærmar seg!

**Ungdomsleiar**
Harald Skoglund Dahler
Tlf: 48 26 11 64 | E-post: hd973@kyrkja.no

## Les meir og følg oss på

@ungdomstunet | www.ungdomstunet.no | /ungdomstunet

Napp ut og heng opp!

# Os kyrkjelyd Haustkalender

<table>
<tr><th>MÅNDAG</th><th>TYSDAG</th><th>ONSDAG</th><th>TORSDAG</th><th>FREDAG</th><th>LAURDAG</th><th>SUNDAG</th></tr>
<tr><td>26<br>august<br>Speidaren</td><td>27<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>28<br>JoinUs</td><td>29<br>Språkkafé<br>KOReDU Tweens</td><td>30<br>KRIK Os Aktiv</td><td>31</td><td>1<br>september<br>NN 11 (m/barnesamling)<br>Os 11<br>Søndagssamling<br>Aldri Åleine</td></tr>
<tr><td>2<br>Speidaren</td><td>3<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Eldretreff Kløvertun</td><td>4<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>5<br>Babysong Nore Neset<br>ShubaDubs<br>KOReDU</td><td>6<br>KRIK Os Aktiv</td><td>7</td><td>8<br>Os 11</td></tr>
<tr><td>9<br>Heilt førsteklasses<br>Speidaren</td><td>10<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>11<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>12<br>Babysong Nore Neset<br>Senior-Koinonia<br>KOReDU Tweens<br>TiTT</td><td>13<br>KRIK Os Aktiv<br>Konsert Edvard Grieg vokalensemble Os kyrkje</td><td>14</td><td>15<br>Os 11 (m/barnesamling)</td></tr>
<tr><td>16<br>Heilt førsteklasses<br>Speidaren</td><td>17<br>Open barnehage | Babysong Tunet</td><td>18<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>19<br>Babysong Nore Neset<br>ShubaDubs<br>KOReDU<br>Konsert Tabula Rasa Nore Neset</td><td>20<br>KRIK Os Aktiv</td><td>21</td><td>22<br>Os 11<br>Søndagsskulens dag<br>Aldri Åleine<br>NN 19</td></tr>
<tr><td>23<br>Speidaren</td><td>24<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>25<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>26<br>Babysong Nore Neset<br>Senior-Koinonia<br>Språkkafé<br>KOReDu Tweens</td><td>27<br>KRIK Os Aktiv</td><td>28</td><td>29<br>Os 11 (søndagssamling)<br>Aldri Åleine</td></tr>
<tr><td>30<br>venneveko<br>Speidaren</td><td>1<br>oktober<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Eldretreff Kløvertun</td><td>2<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>3<br>Babysong Nore Neset<br>ShubaDubs<br>KOReDU</td><td>4<br>KRIK Os Aktiv</td><td>5</td><td>6<br>Os 10 + 11.15</td></tr>
<tr><td>7<br>Haustferie</td><td>8<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>9<br>Trim i Tunet</td><td>10<br>Babysong Nore Neset<br>Senior-Koinonia</td><td>11</td><td>12</td><td>13<br>NN 11</td></tr>
<tr><td>14<br>Speidaren</td><td>15<br>Open barnehage | Babysong Tunet</td><td>16<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>17<br>Babysong Nore Neset<br>ShubaDubs<br>KOReDU</td><td>18<br>KRIK Os Aktiv</td><td>19</td><td>20<br>Os 11 (m/Kongshaug)</td></tr>
<tr><td>21<br>Foreldre møter foreldre<br>Speidaren</td><td>22<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>23<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>24<br>Babysong Nore Neset<br>Senior-Koinonia<br>Språkkafé<br>KOReDu Tweens</td><td>25<br>KRIK Os Aktiv</td><td>26<br>Barne- og tweensfestival<br>Misjonsmesse</td><td>27<br>NN 11 Os 11<br>Søndagssamling<br>Aldri Åleine</td></tr>
<tr><td>28<br>Foreldre møter foreldre<br>Speidaren</td><td>29<br>Open barnehage | Babysong Tunet</td><td>30<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>31<br>Babysang Nore Neset<br>ShubaDubs<br>KOReDU</td><td>1<br>november<br>KRIK Os Aktiv</td><td>2</td><td>3<br>NN 11 Os 10 + 11.15<br>Os 19</td></tr>
<tr><td>4<br>Foreldre møter foreldre<br>Speidaren</td><td>5<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Eldretreff Kløvertun</td><td>6<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>7<br>Babysang Nore Neset<br>Senior-Koinonia<br>KOReDu Tweens</td><td>8<br>KRIK Os Aktiv</td><td>9</td><td>10<br>Os 11</td></tr>
<tr><td>11<br>Foreldre møter foreldre<br>Speidaren</td><td>12<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>13<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>14<br>ShubaDubs<br>KOReDU</td><td>15<br>K/M Nattcup Haukelandshallen</td><td>16</td><td>17<br>NN 11<br>Os 19</td></tr>
<tr><td>18<br>Foreldre møter foreldre<br>Speidaren</td><td>19<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Adventssamling for 3-åringar Tunet</td><td>20<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>Adventssamling for 3-år Nore Neset<br>JoinUs</td><td>21<br>Senior-Koinonia<br>Språkkafé<br>KOReDu Tweens</td><td>22<br>KRIK Os Aktiv</td><td>23<br>Julemesse</td><td>24<br>Os 11 (m/barnesamling)<br>Aldri Åleine</td></tr>
<tr><td>25<br>Foreldre møter foreldre<br>Speidaren</td><td>26<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>27<br>Trim i Tunet<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>28<br>Babysong Nore Neset<br>ShubaDubs<br>KOReDU</td><td>29<br>KRIK Os Aktiv</td><td>30</td><td>1<br>desember<br>1. søndag i advent<br>Os 11<br>Søndagssamling<br>Julekonsert Nornekoret Os kyrkje<br>NN 19</td></tr>
</table>

**Aktivitetane foregår i Tunet om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida www.kyrkja.no/os for oppdateringar, detaljar og påmelding!**

DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd


Daniel Røksund
938 26 432

# Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.

Kom innom vårt kontor i Os sentrum

Ring oss 915 05560

Kontakt oss på emvest.no


Alexander Olsen
473 80 260

Kom innom kontoret vårt i Os sentrum.

EiendomsmeglerVest




# Kyrkjeverja informerer:

## Kva type grav kan eg velje?

**Eit spørsmål ein kanskje ikkje stiller seg før det plutseleg skal vere gravferd i familien er: Kva type grav kan eg velje? Kva alternativ finst, og kvar er desse gravminnene plasserte?**



Vanleg **kistegrav** har lang tradisjon i Noreg, men etter kvart har urnegrav vorte det mest vanlege på Os-sida av Bjørnafjorden kommune.

